

STYREMØTE I NORDMØRE FORSVARSFORENING (NF) 21.02.23 KL.11.00.

Møtestad: Hammerstuene, Surnadal.

Til stades: Olav Jostein Holten, Lars Indreiten, Halvor Flatekval, Johs. J. Vaag og Ivar Edmund Vatten.

Sak 1.

Referatsaker

1. Leiar orienterte om markering av 8. mai på Kulturhuset i Surnadal. Han orienterte og om markering på Liabø og russergravene ved Vinje kyrkje på Vinjeøra.
2. Det blir arbeid for å legge årets sommartur i Kvalvik Fort på Frei.
3. Styret i NF vil arbeide for at det gode samarbeidet mellom NF og Nordmøre brigadeveteranforening held fram.
4. Jo Inge Øverland blir vald til å representere NF under Norges forsvarsforenings landsmøte 9.-11. juni 2023 på Thon Hotel Arendal. Lokalt vertskap og teknisk arrangør er Arendal Forsvarsforening.
5. Styret vil søkje om at Lars Jostein Bævre blir tildelt NFF sin medalje.

Sak 2.

Årsmelding og rekneskap for 2022

Det var to små korrigeringar i årsmeldinga. På side 2, 3 avsnitt blir namnet Blomstad endra til Bolstad. På side 3, 4 avsnitt skal det stå Grønsetfjøset i staden for Vinjefjordskroa.

Kasserar Halvor Flatekval orienterte om rekneskapen og svara på spørsmål.

Styret gjekk gjennom årsmelding og rekneskap for året 2022. Rekneskapen viste eit underskott på kr. 5.080,70.

Vedtak:

På bakgrunn av framlagde årsmelding og rekneskap vil styret foreslå at årsmøtet i NF godkjenner desse.

Johs. J. Vaag

sekretær